

FRE-
DAG

Strilen

GOD
HELG!

19. AUGUST 2016

NR. 64 • ÅRGANG 56

LAUSSAL 25,-

Med frivillighet viser me solidaritet, og det er viktig for å få flyktningane til å vera med på å byggja samfunnet vårt. **SIDE 5**

Fann att spennande historie på Bogatunet

Brita Frøystein Lunde nytta kystsogeopninga til å vitja Bogatunet. Der fann ho gjenstandar mora fortalde om i barndommen. **SIDE 16-17**



Austrheim har forbetra resultat

Austrheim vidaregåande styrker seg etter dyster rapport om skuleresultat. **SIDE 6**

Stove frå 1700-talet brann til grunnen

■ Glad liv ikkje gjekk tapt - vil restaurera **SIDE 7**



MAGASIN **SIDE 11-19**



Idérik sjukepleiar debuterer med eiga diktsamling **SIDE 18-19**



Spente 6-åringar troppa opp til den første skuledagen **SIDE 2-3**

Hålv & Sonn
BYGGEVAREHANDEL
Tlf. 56 35 33 70 - 5915 Hjelmås

MESTERHUS
- det blir som avtalt

BYGGERIET

Nybygg - tilbygg - rehabilitering - alt i byggevarer

FORÅLVA FOR NORDHORDLAND OG GULEN

TID FOR Å ANMENSE LØSE TILBUD

FULLDISTRIBUSJON
TYSDAG 30. AUGUST

Avisa vert distribuert til alle husstønder i Nordhordland og Gulen.

56 34 30 30 | annonse@strilen.no

Strilen

Tilbudene gjelder t.o.m. lørdag 20/8

SPAR **EUROSPAR**

Finne din nærmeste butikk på www.spar.no

Pizza Mozzarella
360 g, Folkets 27,78/kg

10⁰⁰

Begrensninger kan forekomme. Salg kun til private husholdninger.

Pepsi Max
boks, 0,33 l,
+ pant 16,67/l

Gjelder kun single bokser. Begrensninger kan forekomme. Salg kun til private husholdninger.

10 KRONERS

2 for 10

Begrensninger på tilbudene kan forekomme. Vi tar forbehold om trykktil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.

Alltid tilbud på noe godt!

- Liv kunne gått tapt



TRIST: Jan Nordø fann ut på nett at røykstova brann ned. Han er glad ingen kom til skade i brannen.

Foto: Silje Alvsaker

Jan Nordø meiner det berre var flaks at ikkje nokon låg og sov i den gamle røykstova som brann ned i Austrheim i helga.

Av Silje Alvsaker
silje@strilen.no

Innafor politisperringane står berre restar igjen av den nedbrente røykstova frå 1700-talet.

Jan Nordø var på Øyafestivalen i Oslo då han las på nettet om ei nedbrent hytte i Austrheim. Han fann snart ut at det var familiens røykstove det var snakk om.

Røykstova frå 1700-talet var nesten ferdig restaurert.

– Her kunne skjedd ein katastrofe. Menneskeliv kunne gått tapt, seier Nordø.

Tragisk

Han har lagt ned mange timar med arbeid i røykstova. Heile huset blei malt i mai, og taket blei skifta i fjor.

– Brannen 13. august har lagt eit verneverdig kulturminne av stor verdi i grus, og kulturarven

i Austrheim er blitt fattigare, seier Nordø, som skulle arva den fleire hundre år gamle røykstova etter faren sin.

Han seier det er eit tragisk kulturminnetap for Austrheim.

– I kjellaren til far min står stilrikte vindauge som fylkeskonservatoren har finansiert. Dei skulle no inn i stova, fortel Nordø.

Namnet røykstove kjem av at desse husa opphavleg hadde eit hol i taket, for å sleppa ut røyken frå ei grue midt i huset. Skorsteinen kom ikkje på plass før på 1800-talet, eller i «moderne tid».

Etterforska

I dagane etter brannen har Nordø vore i samtalar med politiet, som etterforskar saka.

– Den uforstålege brannen har sletta alt i stova. Bittert, men som fugl Fønix frå oska er vi fast bestemte på å reisa oss igjen og bygga opp att stova slik den var på 1800-talet og framover. Stova

var fullforsikra, og vi håpar dessutan å få støtte frå mellom anna fylkeskonservatoren, slik vi har fått tidlegare, seier Nordø.

Husmannsstova var innvendig restaurert med

støtte frå fylkeskonservatoren i Hordaland. Det grindbygde naustet blei sist sommar fullrestaurert og tjørebredd med støtte

frå Kulturminnefondet og UNI-Stiftelsen.

Lang historie

Røykstova står no i Snekkevika i Austrheim, men blei flytta frå Masfjorden til Njøten om lag 1820, før den enda opp i Snekkevika.

Her vaks bestefaren til Nordø opp. Han overtok etter kvart plassen som blei kalla Kristianhuset, og fekk fire born.

– Ein av dei var far min som var fiskar. Stova har lagt i eit komplett husmannsmiljø med sjøveg over innmarka ned til naustet. Like utanfor ligg den fiskerike Fosnstraumen. Det finst få slike samanhengande anlegg att i Austrheim, seier Nordø, som er arvtakar til røykstova.

–Veldig trist

Konstituert fylkesdirektør for kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune, Per Morten Ekerhovd, synst det er trist at stova er borte.

– At huset er tapt i brann er veldig trist. Slike brannar gjer uoppretteleg skade, både for eigar og for oss andre er dette eit tap.

Kristianhuset har fått offentleg støtte ved to anledningar, seinast fekk røykstova pengar i 2014. Ekerhovd har tru på at det kan vera realistisk å bygga opp att stova.

– Huset er lite og det treng ikkje bli så kostnadskrevjande, meiner fylkesdirektør Ekerhovd.



BRANN: Det er ikkje mykje att av den fleire hundre år gamle stova i Snekkevika.

Foto: Silje Alvsaker



FØR: Slik såg det ut inni røykstova for brannen.

Foto: Privat

NB!